



Julebukane syntes pizzaen var knallgod!

Då MS INGVILD passerte Uskedalen i ettermiddag, la dei inn ein ekstra stopp ved Børnes kai. Det passa godt sidan kapteinen ombord, Vidar Koløy, er frå Uskedalen. Like etter den store båten hadde lagt til kai, fekk dei besøk av 4 flotte julebukkar. Det vart eit kjekt og kjært møte mellom julebukkar og mannskapet.



Mannskapet sette stor pris på julebukkbesøket.

Då julebukkane kom, vart dei svært godt mottekne. Dei vart invitert på kjempegod heimelaga pizza, og etter at julebukkane hadde sunge for kaptein Koløy og styrmannen, var kapteinen og fann fram godteri til dei. Det vart ei riktig kosestund ombord. Pizzaen fekk topp karakter, og den filippinske kokken var både flink og makalaust kjekk. Mannskapet består av 2 nordmenn, 4 russarar og 5 filippinarar.

Det passa godt med ein stopp i Uskedalen i ettermiddag. MS INGVIDL kom frå Uggdal på Tysnes med tømmer

som skulle til Gent i Belgia. Møtet med julebukkane vart ekstra kjært for Vidar Koløy og familien hans. Dei 4 julebukkane var dei tre borna hans Andrea, Signe Karine og Torger Johan saman med kompisen Robin Lakselv. Kona hans Renate var sjølvstas også med. Dermed vart det eit etterlengta møte før han kjem heim(ca.10.01.) etter 7-8 veker ombord.



Alltid like stas å koma ombord.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Renate Koløy.